



Statens vegvesen

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Mette Kyed Thorson

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/283792-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.12.2019


Svar – Endra eller utvida bruk av avkøyrsløse – Fv. 5484 – Gnr. 33 bnr. 2 – Radøyvegen i Radøy kommune

Statens vegvesen viser til søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv. 5484 mottatt 06.10.2019.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om oppføring av flytebrygge med 25 båtplassar, samt to areal til parkering, med til saman 11 parkeringsplassar.

Området er dels avsett til småbåthamn jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy (2019), og dels som LNF- spreidd busetnad.



Figur: Utsnitt av kommuneplan for Radøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Det er søkt om småbåthavn med 25 båt plassar, samt to areal som skal nyttast til parkering. Søknaden er så vidt vi har forstått sendt for å legalisere eksisterande tilhøve.

Vi viser til at tiltaket er omfatta av plankrav jf. føresegner til kommuneplan for Radøy § 2.1, og at avkøyrslar og kryss til offentleg veg med siktsoner skal inngå i planområdet. Vi rår til at omsøkte tiltak vert regulert gjennom eit planarbeid, som kan få sett området samla og løyst felles utfordringar.

Statens vegvesen legg til grunn at tiltaket treng eit avkøyrsløyve frå fv. 5484, dersom dette ikkje er innhenta tidlegare. Med bakgrunn i den bruk som er i avkøyrsla i dag, vil vi krevje kryssutforming av avkøyrsla. Det vil seie at krysset må rettast opp, og at siktforholda må utbetrast slik at utforminga er i samsvar med Handbok N100. Vi vil særleg vise til at sikta er under dei krav vi stiller, og at det mellom anna er oppført busskur og plassert container til hytterenerovering i siktsona.

Sluttord:

Statens vegvesen rår til at området vert regulert gjennom eit planarbeid. På den måten får ein sett området samla og ein kan få løyst felles utfordringar.

Ein kan ikkje rekne med avkøyrsløyve for omsøkte tiltak før kryssområdet er utbetra.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
RADØY KOMMUNE, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER